



ETISKE RETNINGSLINER FOR TILSETTE OG FOLKEVALDE I HAREID KOMMUNE (herunder egne foretak og heileigde selskap)

Vedteke av kommunestyret 19. november 2015 i sak 92/15.

Innhald

1. FØREMÅL.....	2
2. GRUNNLEGGJANDE RETNINGSLINER.....	2
Omsyn og respekt for innbyggjarane.....	2
Omsyn til leverandørar og andre interessepartar.....	2
Omsyn til kommunen sitt omdøme	3
3. GILDSKAP OG TEIEPLIKT	3
Gildskap.....	3
Teieplikt.....	3
4. TILLIT.....	3
Fleire tilsettingstilhøve - bistilling.....	3
Tilfeldige oppdrag.....	3
Overgang til anna verksemd.....	4
Kontakt med tidlegare kollegaer	4
Styre- og andre verv.....	4
Gåver og andre føremonar	4
Bruk av kommunen sine ressursar og utstyr	4
5. LOJALITET.....	5
Lojalitetsplikt.....	5
Rapporteringsplikt.....	5
Korrupsjon, smøring og kameraderi.....	5
Innkjøp.....	5
6. OPENHEIT	5
7. YTRINGSFRIDOM OG VARSLING AV KRITIKKVERDIGE TILHØVE	5
Ytringsfridom.....	5
Varsling av kritikkverdige tilhøve.....	6
Diskriminering, mobbing, vald og truslar	6
Bruk av sosiale media.....	6
8. OPPFØLGJING.....	6
Leiaransvar	6
Tilsette.....	6
Folkevalde.....	7
Sanksjonar.....	7
Kontaktpersonar	7
9. SLUTTORD.....	7



1. FØREMÅL

Føremålet med Hareid kommune sine etiske retningslinjer er at den kommunale verksemda skal drivast på ein ansvarleg og redeleg måte. Retningslinjene gjev uttrykk for den etiske standarden som alle tilsette, tillitsvalde og folkevalde er forventa å leve etter. Dette gjeld i høve til medarbeidarar, brukarar av kommunale teneste, innbyggjarar og andre.

Retningslinjene skal gje grunnlag for refleksjon og gjere den einskilde meir medveten rundt etiske tema. Dei skal vere med på å gje kommunen eit positivt omdøme, klargjere kva som er akseptabel praksis og gje vegleiing i vanskelege vurderingar.

Hareid kommune legg vekt på slike forståingar av etikk knytt til kommunale gjeremål:

- Etikk er å bruke mynde med varsemnd og forstand
- Etikk er å ha ei fri og uavhengig stilling i høve til saker der ein har mynde
- Etikk er ikkje å blande egne og offentlege interesser

2. GRUNNLEGGJANDE RETNINGSLINER

Som forvaltarar av samfunnet sine fellesmidlar, vert det stilt spesielt høge krav til at åtferden til den einskilde i størst mogleg grad er i samsvar med dei etiske retningslinjene .

Tilsette og folkevalde pliktar å halde lover, forskrifter og reglement som gjeld for arbeidet og oppgåvene i kommunen. Dette betyr også å halde seg lojalt til vedtak som er gjort.

Hareid kommune legg i tillegg stor vekt på å vere redeleg, ærleg og open i alle samanhengar. Å søke å skape tillit mellom kommuneorganisasjonen, innbyggjarane, næringslivet og andre interessepartar skal vere i tankane kvar dag.

Eigne interesser må ikkje påverke arbeidet, og det som er komfortabelt for seg sjølv eller kommunen må ikkje påverke åtferd eller val av løysingar.

Eigne interesser må ikkje påverke arbeidet, og det som er makeleg for seg sjølv eller kommunen må ikkje påverke åtferd eller val av løysingar.

Alle har ansvar for å byggje og vedlikehalde eit positivt omdøme der kommunen sine etiske haldningar ligg i botnen.

Omsyn og respekt for innbyggjarane

Både tilsette og folkevalde skal vere medvetne om at dei forvaltar viktige samfunnsressursar for det einskilde individ. Måten denne forvaltninga vert utført på utgjer grunnlaget for tillit frå innbyggjarane og haldninga til kommunen. Den einskilde skal difor ta aktiv avstand frå og hindre all uetisk forvaltningspraksis.

Det betyr mellom anna å ta omsyn til innbyggjarane sine interesser og arbeide for lik handsaming. Ein skal vere respektfull og høfleg og ha ein korrekt veremåte både i muntleg og skriftleg kommunikasjon. Det er viktig å uttrykkje seg på ein måte som er lett å forstå.

Fortrulege opplysningar som vert mottekne i samband med handsaming av saker, skal respekterast og ikkje brukast til personleg vinning. Den einskilde innbyggjar og tenestemottakar sin integritet skal takast vare på i kontakt med forvaltninga.

Omsyn til leverandørar og andre interessepartar

Hareid kommune skal søkje å skape gode relasjonar til noverande og framtidige leverandørar og andre interessepartar.



Folkevalde og tilsette kan ikkje ta del i reklame i media for leverandørar som har levert produkt eller tenester til kommunen.

Omsyn til kommunen sitt omdøme

Både tilsette og folkevalde i Hareid kommune vil gjennom tenesteyting, forvaltning eller annan kontakt med andre, verte oppfatta som ein representant for både verksemda og for kommunen som eit heile. Det siste gjeld i særleg grad når vedkomande tek del i offisielle arrangement både lokalt og i større samanhengar. I eit omdømeoperspektiv må ein derfor unngå uetisk åtferd i alle slike situasjonar.

3. GILDSKAP OG TEIEPLIKT

Gildskap

Dei folkevalde og tilsette skal unngå å kome i situasjonar som kan føre til konflikt mellom kommunen sine interesser og personlege interesser. Dette handlar om å ikkje svekke tilliten til at ein er upartisk. Det vert her vist til [§ 6](#), første og andre ledd i Forvaltningslova.

Dette kan også gjelde tilhøve som ikkje vert råka av gildsapsreglane i forvaltningslova. Eksempel på slike interessekonflikter kan vere:

- Forretningsrelaterte tilhøve til tidlegare arbeidsgjevarar eller arbeidskollegaer
- Løna bistilling som kan påverke arbeidet i kommunen
- Engasjement i interesseorganisasjonar eller politisk verksemd som rører ved tilhøve som den einskilde arbeider med i kommunen.
- Personlege økonomiske interesser som kan føre til at ein kjem i ein konkurransesituasjon eller lojalitetskonflikt i høve til verksemda i kommunen
- Familiære eller andre sosiale samanhengar

Dersom ein tilsett er usikker på om personlege interesser kan påverke avgjerda i ei sak han har fagleg ansvar for eller tek del i handsaminga av, skal problemstillinga takast opp med overordna. Den einskilde har sjølv ansvaret for å opplyse om eigen mogleg ugildskap.

Teieplikt

I samsvar med [§ 13 – 13 f](#) i Forvaltningslova og eventuelle særlover har alle tilsette og folkevalde i Hareid kommune teieplikt. Denne plikta gjeld også etter at vedkomande har slutta i arbeidet eller ombodet.

Fortrulege opplysningar eller opplysningar som er omfatta av teieplikt, må respekterast og ikkje brukast til personleg vinning eller i arbeid for andre.

4. TILLIT

Fleire tilsettingstilhøve - bistilling

Sjå arbeidreglement.

Tilfeldige oppdrag

Det er ikkje høve for tilsette i kommunen å ta anna løna arbeid i tillegg til ordinær løn. Slike oppdrag må gjennomførast ved bruk av feriedagar eller avspassering og skal godkjennast av næraste overordna.



Overgang til anna verksemd

Ved overgang til stilling i anna verksemd er det viktig at tillita hjå innbyggjarne eller kommunen sine interesser ikkje lid skade pga bruk av informasjon som vedkomande sit inne med. Det vert vist til teieplikta ved overgang til anna verksemd.

Kontakt med tidlegare kollegaer

Alle tilsette skal vere forsiktige med omsyn til korleis ein handsamar opplysningar i høve til tidlegare kollegaer, og spesielt dersom desse representerar ei partsinteresse eller er tilsett i ei verksemd som har eit samhandlings- eller forhandlingstilhøve til kommunen..

Styre- og andre verv

Tilsette i Hareid kommune bør ikkje ta verv i styre eller råd dersom vervet kan kome i strid med kommunen sine interesser eller forvaltningsmessige oppgåver. Dette er særleg viktig dersom den tilsette har oppgåver i ansvarsområde sitt som er knytt til regulering, kontroll, tilsyn av den aktuelle verksemda eller klagehandsaming.

Folkevalde bør i forkant drøfte med ordførar eventuell uklare tilhøve omkring slike verv.

Det er viktig at det er openheit om verv som både tilsette og folkevalde har, særleg når det kan tenkjast å kunne røre ved dei forvaltnings- og tenesteoppgåvene som kommunen har.

Hareid kommune oppmodar folkevalde og tilsette til frivillig å registrere seg på www.styrevervregister.no

Gåver og andre føremonar

Folkevalde og tilsette i kommunen skal unngå personlige føremonar av alle slag som kan påverke, eller gje inntrykk av å kunne påverke handlingar, saksførebuing eller vedtak.

Dette gjeld likevel ikkje gåver av ubetydeleg verdi, som reklamemateriell, blomster o.l. Gåver omfattar også andre føremonar, f.eks. i form av personlege rabattar ved kjøp av varer og tenester. Ved tilbod om gåver o.l. som har eit omfang som går ut over kommunen sine retningsliner, skal det takast kontakt med nærmaste overordna. Mottekne gåver skal returnerast avsendar med eit brev som gjer greie for kommunen sine regler om dette.

Reise- og opphaldsutgifter i kommunen si teneste skal dekkjast av kommunen, fylkeskommunale og statlige organ eller Kommunenes Sentralforbund og arbeidstakarorganisasjonar i samband med kurs og opplæring som går på fag.

Unntak frå dette prinsippet kan berre skje etter særskilt vedtak av næraste overordna – rådmann eller folkevalt organ..

Tilsette i kommunen kan ikkje gje eller tilby teneste eller føremonar til enkeltpersonar/grupper/lag eller liknande med mindre spørsmålet har hatt ordinær sakshandsaming.

Bruk av kommunen sine ressursar og utstyr

Tilsette og folkevalde pliktar å ta vare på kommunen sine ressursar på ein økonomiske god og rasjonell måte, og medverke til å hindre misbruk eller sløsing.

Med kommunen sine ressursar meiner ein budsjettmidlar, anlegg, bygningar, bilar, maskiner, elektronisk utstyr og liknande.

Kommunen sitt brevhovud eller logo kan ikkje brukast i private samanhengar.

Privat bruk av kommunale reiskapar etter godkjenning av leiar, kan ikkje brukast til inntektsjevande aktivitet.



5. LOJALITET

Lojalitetsplikt

Tilsette og folkevalde har plikt til å følgje dei reglar og etiske retningslinjer som gjeld for verksemda, og å følgje dei vedtak og pålegg som blir gjevne av overordna.

Lojalitetsplikta betyr ikkje plikt til å følgje pålegg om å gjere noko som er ulovleg eller uetisk. Lojalitetsplikta inneber at dei tilsette skal kome med motførestillingar før ei avgjerd vert teken, slik at det kjem fram eit mest mogleg fullstendig bilde gjennom saksførebuinga. Når vedtaket er gjort, følgjer det like klart av lydndadsplikta at avgjerda skal settast i verk innanfor dei fastsette rammene, uavhengig av dei faglege og politiske meiningar den einskilde tilsett har.

[Sjå punkt om ytringsfridom.](#)

Rapporteringsplikt

Tilsette og folkevalde har plikt til å melde frå til næraste overordna om tilhøve som han eller ho vert kjent med, og som kan påføre verksemda, tilsette eller omgjevnadane tap eller skade.

Korrupsjon, smøring og kameraderi

Tilsette, tillitsvalde og folkevalde skal ikkje sette seg sjølv i situasjonar der dei føler seg pressa eller forplikta til å gjere vurderingar som går utover det faglege eller forretningsmessige. Dersom hensikten med ei gåve eller føremun er å påverke utfallet av en sak, er dette straffbart både for den som gjev og den som tek mot gáva.

Ein må også vere varsam med forhold som kan missoppfattast både av media og interessepartar.

Innkjøp

Innkjøpsreglementet skal følgjast ved alle kommunale innkjøp, og tilsette og folkevalde kan ikkje vise til eller bruke kommunen sine innkjøps- og rabattordningar ved personlege kjøp.

6. OPENHEIT

Kommuneorganisasjonen må vere open både mot innbyggjarane, internt i eige område og mellom områda. Dette er ein naudsynt føresetnad for tillit til kommunen, og vil vere med på å redusere uheldig åtferd og kultur.

7. YTRINGSFRIDOM OG VARSLING AV KRITIKKVERDIGE TILHØVE

Ytringsfridom

Ytringsfridom er ein grunnleggjande menneskerett som gjeld for alle.

Den gjeld også for tilsette innanfor deira arbeidsområde og arbeidsstad.

Lojalitet er også ein grunnleggjande verdi, og tilsette kan i nokre situasjonar oppleve at det vert ei konflikt mellom ytringsfridom og lojalitetsplikt. Det er særleg aktuelt når det kan skade kommunen sine interesser.

Det er viktig at tilsette og folkevalde kan engasjere seg i ein open, fri og allsidig dialog om samfunnsspørsmål. Samstundes må kvar einskild reflektere rundt spørsmål som kan utfordre lojalitetsplikta.

Lojalitetsplikta bør utøvast slik at den enkelte er meir tilbakehalden med å uttale seg innanfor eige arbeidsområde enn på andre område, og lojalitetskravet blir strengare dess meir leiande stilling og dess nærmare det politiske nivå den enkelte står.



For å unngå at egne utsegn blir oppfatta som eit uttrykk for kommunen sine standpunkt, må den som uttalar seg, alltid understreke at utsegna står for eiga rekning. Kommunal stillingstittel, brev, faks eller e-post skal derfor ikkje brukast.

Varsling av kritikkverdige tilhøve

Prinsippet om openheit og samfunnet sin kontroll med offentleg forvaltning føreset at ålmenta får innsyn i kritikkverdige tilhøve. Dette betyr at tilsette i kommunen i einskilde tilfelle må kunne gje ålmenta faktiske opplysningar og eigen oppfatning.

Alle tilsette har eit sjølvstendig ansvar for å ta opp tilhøve dei får innsyn i på arbeidsplassen som ikkje er i samsvar med lover, reglar og dei etiske retningslinene, og der det ikkje er i strid med anna lov (for eksempel teieplikt). Spørsmål om høve til å gje opplysningar til ålmenta må vurderast i høve til omsynet til lojalitet og mogleg intern rapportering. Tilsette med slik informasjon må vurdere kva som er motivet for varslinga, og om tilhøvet objektivt er alvorleg. Tenesteveg må vere første alternativ for løysing av saka, deretter tillitsmannsapparatet eller til eit offentleg kontroll- eller tilsynsmynde, før ein går ut til ålmenta.

Den som varslar har krav på at varslinga vert handsama fortruleg, og at det ikkje vert sett i verk urettmessige sanksjonar, jf. [Arbeidsmiljølova § 2-4](#) andre ledd. Kommunen vil heller ikkje etterforske eller melde ein tilsett si kontakt med media når den lovbestemte teieplikta er halden.

Diskriminering, mobbing, vald og truslar

Hareid kommune er mot alle former for diskriminering, mobbing, vald, truslar og trakassering, og forventar at alle tilsette og folkevalde bidreg til å verkeleggjere denne haldninga.

Kjøp av seksuelle tenester i alle former kan ofte vere utnytting av menneskje i ein vanskeleg situasjon. Å oppføre seg på ein måte som kan vere krenkjande for andre menneskje tek Hareid kommune avstand frå, og tilsette og folkevalde skal derfor avstå frå kjøp av alle former for seksuelle tenester på tenestereiser eller i anna oppdrag for kommunen.

Bruk av sosiale media

Ved bruk av sosiale media skal tilsette og folkevalde vise respekt for kollegaer, brukarar og arbeidsgivar både i form og innhald på det som vert publisert.

8. OPPFØLGJING

Leiaransvar

Leiarar på alle nivå har eit særskilt ansvar for å tydeleggjere og skape aksept for etisk forsvarleg åtferd, og legge tilhøva til rette for det.

Leiarane er føredøme og skal gjennom eigen åtferd og leiarstil fremme god etisk standard.

Dei etiske retningslinene bør gjennomgåast i personalmøte ein gong i året i alle einingar/avdelingar, og nye medarbeidarar skal gjerast kjent med reglementet ved tilsetting og prøvetidsoppfølging.

Alle leiarar har ansvar for å kommunisere brot på retningslinene vidare i lineleiinga, og arbeide for å hindre at det utviklar seg uheldige kulturar.

Tilsette

Alle tilsette pliktar å gjere seg kjent med dei etiske retningslinene, og har eit personleg ansvar for å følgje reglementet på best mogleg måte.



Folkevalde

Dei etiske retningslinene skal gjennomgåast i kommunestyret i samband med politikaropplæringa etter kvart val. Elles skal dei evaluerast og leggast fram for kommunestyret årleg.

Sanksjonar

Dei etiske retningslinene er forankra i ulike regelverk og retningsliner, og konsekvensane av brot på desse retningslinene vil kunne vere samanfallande med andre personalreaksjonar for tilsette.

Kontaktpersonar

Rådmann og personalleiar er kontaktperson for tilsette i spørsmål som gjeld desse retningslinene, og ordførar er kontaktperson for dei folkevalde.

9. SLUTTORD

Lover, regler og instruksar kan aldri åleine sikre ein høg etisk standard.

Tilsette og folkevalde må sjølv sette standarden ved å rette merksemda mot dei etiske aspekta i åtferd og sakshandsaming.

Det betyr at den einskilde sjølv kontinuerlig og kritisk må vurdere eigne interesser og eige engasjement i høve til etiske konfliktsituasjonar.